

## **Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om digitalt samarbeid mellom skular**

Som følgje av koronapandemien måtte skulane ta i bruk digital undervisning. Erfaringane frå dette varierer nok, både hjå elevar og lærarar, men det vil nok bli meir digital undervisning i åra som kjem.

Det finst allereie skular som samarbeider digitalt for å kunne tilby elevar fleire programfag, mellom anna i språk. Senterpartiet kjenner òg til at ungdomsskuleelevar som tek vidaregåande fag får undervisninga si digitalt. Fordelen slik Senterpartiet ser det er at elevar får fleire valmoglegeheter når det gjeld programfag uavhengig av kvar ein går på skule.

Eg har difor desse spørsmåla til utvalsleiaren:

- Kva er omfanget av digitalt samarbeid mellom vidaregåande skular for å tilby programfag i Vestland?
- Kva erfaringar har ein med fagleg digitalt samarbeid mellom vidaregåande skular i Vestland (tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane)?
- Korleis er interessa for meir digitalt samarbeid av denne typen?
- Kva er kostnaden med slikt samarbeid?

Bergen 08.09.20

Alexander Fosse Andersen  
Senterpartiet